



**Ei gruppe med polakkar som er busett både i Uskedalen og på Husnes og Sunde har leigd hallen i Aktivitetshuset kvar tysdag frå klokka 20.30 for å spela volleyball. Det fortel leiar Bjørn Olav Tveit i Aktivitetshuset til [uskedalen.no](http://uskedalen.no) Dei hadde den første treninga tysdag og då var 5 menn og 1 kvinne med.**

Spelarane understrekar at det vil vere triveleg om også andre frå bygda vil møte opp og delta. Då kan ein til dømes spele landskamp: Polen mot Uskedalen !

- No er hansken eller ballen kasta og eg voner at uskedelingane vil ta imot utfordringa og i så fall møte opp i hallen neste tysdag klokka 20.30, er oppmodinga frå Tveit.

Dei 6 som deltok i treninga denne gongen og som er med på biletet er Magda Jaworska (Sunde), Maltej Durski (Sunde), Wojciech Zmyzlony (Uskedalen), Pavel Kotwicki (Uskedalen), Maliej Kotwicki (Uskedalen) og Tomasz Skotnicki (Husnes)

Foto: Ola Matti Mathisen